

ARBEIDSGRUPPE KULTUR

Bærekraftig kommuneøkonomi i Vinje kommune

Tiltaksrapport



1. Mandat og rammer

Arbeidsgruppen har som oppdrag å finne og foreslå kostnadseffektive kutt i budsjettet til Kultur og fritid.

2. Organisering og gjennomføring

Kristian W. Rantala	Verksemdsleiar	Arbeidsgruppeleder
Lene S. Breidalen		Arbeidsgruppedeltaker
Stine B. M. Ljostad		Arbeidsgruppedeltaker
Sigrid Hylland		Arbeidsgruppedeltaker
Silje Hagen		Arbeidsgruppedeltaker
Sandra Kristiansen		Arbeidsgruppedeltaker
David Rønnlund		Arbeidsgruppedeltaker

Arbeidsgruppen har i perioden mars 2026 til juni 2026 hatt ein prosess med fleire møter for å finne fram til gode, berekraftige innsparingstiltak i verksemda. Temaet har blitt diskutert både i personalmøter og i egne møter med medlemmane i arbeidsgruppa.

3.0 Utredning

Ut ifrå KOSTRA-tal frå 2025 så har Vinje kommune eit relativt høgt kostnad til kultur per innbyggjar samanlikna med gjennomsnittet. Me har i kommunen vald å organisere fellesfunksjonar som til dømes tilflyttingskonsulenten til kultur, og denne kostnaden viser seg då i kostra-funksjonar tilknytta kultur.

Budsjettet til Kultur og fritid var i 2025 på ca. 20,2 million. Det vart sett inn sparetiltak i budsjettprosessen for 2026, og budsjettet for 2026 er på 18,4 million. Innsparinga frå 2025 til 2026 var med det på 1,8 million.

Med innsparinga for 2026 som bakteppe er det difor naudsynt å sjå på meir inngripande sparing for 2027 og framover. Me har sett på organisering, struktur og på tiltak som det har vore brei politisk semje om.

3.1 Tiltaksomtale

Heim for ein 50-lapp

Dette tiltaket vert iverksett for å gjere det lettare for ungdommen å bevege seg internt i vår arealrike kommune, samstundes som det var viktig å redusere rus og generell farleg køyring blant kommunens unge etter ein periode med fleire rusrelaterte ulykker. Tiltaket er ikkje unikt i Noreg, det er fleire kommunar som har dette, både små og store kommunar, aleine og i konstallasjon med fleire. Tiltaket har ut ifrå årlege evalueringar fungert greitt med ein del justeringar undervegs. Det er ikkje gjort konkrete undersøkingar for å avklare om tiltaket har ført til færre rusrelaterte ulykker i kommunen.

Sjølv om det er mange kommunar som har likande ordning som dette, så har dei fleste kommunane ikkje det. Tiltaket kan sest på som eit luksusgode, og at foreldre må ta større ansvar for transporterung av dei unge i kommunen.

Ungdomsklubbar

Vinje kommune sponsar i dag dei tre frivillige ungdomsklubbane i Åmot, Edland og Rauland med husleige. Dette utgjer mellom kr 350 000 og 400 000 per år. Ungdomsklubbane ligg i dag i areal dei sjølv ynskjer og synst er hensiktsmessige. Det er undersøkt høve til å slå saman klubbane til ein eller to klubbar, men slik det er i dag ser ikkje dette særleg hensiktsmessig ut. Så lenge klubbane er frivillige så er det også dei som avgjer korleis dei skal sjå ut. Eventuelle løysingar må då kome som samarbeid. Det kommunen har full råderett over er då om kommunen skal sponse husleiga til klubbane, og der det er mogleg heller tilby klubbane lokale i kommunalt eigde areal.

Stillingsreduksjon i Vinje kulturskule

Vinje kulturskule har generelt lange ventelister, men det er stadig dynamikk i kva for fag som er mest populære. Me ser også at det er mogleg å slå saman grupper for å få til meir kostnadseffektiv opplæring. For å redusere tal på årsverk i kulturskulen er det mogleg å redusere ved naturleg avgang. Dette vill ikkje alltid vere det som er mest optimalt etter kva som er mest populært i dag, men ettersom dette endrar seg er det likevel ein måte å få til innsparing på ein god måte.

Avslutte tilflyttingstiltak

Vinjelosen vart tilsett etter eit utgreiingsprosjekt som peika på at ei slik stilling ville vere avgjerande for å få til godt tilflyttingsarbeid for Vinje kommune – med bakgrunn i utfordringsbilete knytta til eldrebølge og lågare arbeidskapasitet blant innbyggjarane dei komande 50 åra. Dette biletet har ikkje endra seg. Men Vinjelosen og tilflyttingsarbeidet er ikkje lovpålagt og kan difor avsluttast. Ein faktor som gjer kutt av tilflyttingstiltaket litt mindre relevant i eit heilskapleg spareperspektiv er at tiltak inkludert stilling er finansiert av næringsfondet.

Ulike mindre kutt

Arbeidsgruppa har identifisert ulike kutt som kan gjennomførast relativt raskt. Dette var sparekutt som låg på bordet for prosessen i 2025 for 2026, men som ikkje vart med.

- **Kutte ut rusfritt 16. mai-arrangement for ungdom.** Tiltak for å unngå at ungdommane vert med på rusarrangement på Dalen eller liknande. Tiltaket har blitt prøva ut i nokre år, og har ikkje vore så treffande som me skulle ynskje. Ungdommane i målgruppa søker utfordringar og det har vist seg krevjande å få dei med på arrangementa me har skipa til.

Sparepotensiale per år: Kr 100 000

- **Kutte ut tilskotsportalen.** Tilskotsportalen gir lag og organisasjonar og tilsett i Vinje kommune oversikt over moglege tilskot til ulike tiltak og prosjekt. Dette er eit hendig reiskap som kan gjere at me får skaff lokalsamfunnet tilgang til tilskotsordningar som dei elles ikkje hadde sett sjølv. Det er har vore i bruk 36 gonger av lag og organisasjonar og 9 kommunalt tilsette i 2025.

Sparepotensiale per år: Kr 60 000

- **Halvere innkjøpsbudsjett ved Vinje folkebibliotek.** Biblioteket har i dag kr 80 000 i innkjøpsbudsjett. Ved å halvere dette budsjettet kan me då framleis få tak i dei viktigaste titlane, slik at biblioteket er oppdatert og relevant, samstundes som utvalet vert litt meir nøkternt.

Sparepotensiale per år: kr 40 000

- **Seie opp Frontline kassasystem på Vinjehuset.** Det er mogleg å gå over til eit anna kassasystem på Vinjehuset som vil koste ein del mindre. Det er snakk om å måtte kjøpe seg ut av avtala, men dette vil raskt lønne seg.

Sparepotensiale per år: kr 25 000

- **Redusere DKSS-budsjettet:** I 2026 har DKSS-budsjettet vore på kr 110 000 inkl. ca. kr 25 000 i tilskot frå Telemark fylkeskommune, og kr 60 000 frå Vinje Folkeakademi, Vinje Sanitetslag og Rauland Folkeakademi. Det har vore samarbeid om 36 konsertar på eldresentera kvar månad gjennom året.

Sparepotensiale per år: kr 50 000

Stillingsreduksjon avdeling for arrangement og aktivitet

Avdelinga for arrangement og aktivitet driftar i dag samfunnshusa, særleg Vinjehuset. Avdelinga har 3 årsverk, og har ansvaret for innhaldet på samfunnshusa og grendehusa i kommunen, i tillegg til å administrere utlån og utleige av idrettshallar, møterom og andre areal. Avdelinga skaper og gjennomfører arrangement og aktivitet i kommunen, i tillegg til å hjelpe andre kommunale einingar og diverse lag og organisasjonar i kommunen med sin aktivitet. På grunn av utforminga av Vinjehuset med inngangar og soner med heis og inngang til bad og liknande er det vanskeleg å halde huset ope på kveldstid utan at det er tilsette til stades. Dette gjer at eitt av årsverka er bunde opp til kveldsaktiviteten på Vinjehuset.

Avdelinga arrangement og aktivitet er ganske fersk, og jobbar no mykje med å byggje plattform med gode rutinar og prosedyrar, system og arbeidsmetodar. Avdelinga vil bli meir synleg i åra som kjem, og det er stort potensiale til å skape eigeninntekt.

Det er mogleg å leggje ned heile avdelinga, men då må ein også stengje Vinjehuset, eventuelt finne ein modell med frivillige slik dei har lukkast meir eller mindre med i andre kommunar med utfordra økonomi.

Stillingsreduksjon Vinje folkebibliotek

Vinje folkebibliotek driftar filialar i Åmot, Edland og Rauland. Dei tilsette har ansvar for kvar sin filial tysdag og onsdag. Dei andre dagane i veka er dei to på filialen i Åmot. Det er mogleg å kutte 60% stillingsprosent slik at dei ikkje er to på arbeid samstundes.

3.2 Konsekvenser av tiltak

Heim for ein 50-lapp

Risiko for å fjerne ordninga kan vere at det vert fleire rusrelaterte ulykker i kommunen og at det vert dårlegare kollektivtransport internt i kommunen, som igjen fører til dårlegare sosial tilknytning mellom grendene, og at kommunen på den måten vert mindre robust.

Ungdomsklubbar

Ved å kutte å sponse husleiga til ungdomsklubbane er det risiko for at ungdomsklubbane ikkje vil drive meir. Dette vil vere negativt for ungdommane i den respektive bygda. Det er heller ikkje mykje eigna areal i dei kommunalt eigde bygga, slik at ein risiko ved å flytte klubbane også er at dei får dårlegare oppslutning enn det dei har i dag.

Stillingsreduksjon i Vinje kulturskule

Ved å redusere stillingar i Vinje kulturskule vil me auke ventelistene, og det vil vere mindre kapasitet til å vere med i førebyggingsopplegg saman med HEM og Oppvekst.

Avslutte tilflyttingstiltak

Med bakgrunn i at utfordringsbiletet ikkje er endra er det framleis behov for å auke innbyggjartalet i Vinje på generell basis. Det er stor risiko for at administrasjonen ikkje maktar å halde fram med eit strukturert tilflyttingsarbeid dersom tiltaket avsluttast i den forma det er i no. Dersom Vinje kommune ikkje held fram med å aktivt arbeide for auka innbyggjartal så vil demografiutfordringa truleg bli større i dei neste 40-50 åra.

Ulike mindre kutt

Arbeidsgruppa har sett på ulike mindre tiltak og kostnader og kome fram til ei liste på ein del grep som ein kan ta, og ein del grep som ein bør ta.

- Ved å kutte ut rusfritt 16. mai-arrangement så må me heller nytte dei ressursane me har til å forebygge, inkludert Utelaget og frivilligheita, slik at ungdommane frå Vinje tek betre val på dagar som tradisjonelt sett har vore utfordrande i eit rusførebyggande perspektiv.

- Sjølv om gevinsten frå tilskotsportalen kan vere stor, er det ikkje nok bruk til at innbyggjarane og dei kommunalt tilsette ikkje klarer å finne fram til desse ordningane også ved generell samhandling og med tips og råd frå t.d. Vinje frivilligsentral.
- Vinje folkebibliotek kan klare seg med dei bøkane som kjem frå [innkjøpsordninga](#). Biblioteket har mindre fleksibilitet til å kjøpe inn lokal relevant litteratur, men med ein halvering av potten er det likevel rom for å få til eit lokalt og relevant bibliotek.
- Ingen nevneverdige konsekvensar med å kutte ut Frontline som kassaleverandør. Me har likevel tilgang på ei god løysing gjennom EBillett og leverandøren DX.
- Redusere DKSS-budsjettet. Det vert færre arrangement på eldresentera om me kuttar ut dette. Tek me dette vekk vil det framleis vere eit tilbod, men ikkje på langt nær så mange eller så hyppig, eller av same kvalitet. Me risikerer også å miste samarbeidet med dei frivillige lag og organisasjonane, slik at tilbodet i så fall svekkast enno meir.

Stillingsreduksjon Vinje folkebibliotek

Ved 60% reduksjon av stilling i Vinje folkebibliotek vil me framleis klare å halde dei tre filialane opne. Det vil vere lite tid til administrasjon av boksamling og utvikling, slik at biblioteka vil få lågare kvalitet i tida etter ein eventuell reduksjon. I tillegg har Vinje folkebibliotek jobba over tid med å i større grad møte målbiletet til staten som ein av dei viktigaste møteplassane i lokalsamfunnet, og som arena for demokrati og meningsutveksling. Dette arbeidet vil då bli vanskelegare. Ved stillingsreduksjon blir det vanskelegare å rekruttere kvalifiserte arbeidstakarar.

Stillingsreduksjon arrangement og aktivitet

Ved å redusere ein stilling i denne avdelinga vil det då vere lite kapasitet til å handtere det som skjer utanfor Vinjehuset. Det vil då bli lågare grad av aktivitetar og arrangement i Vinje generelt, både på Vinjehuset, på sjukeheimane, i samfunnshusa og grendehusa. Koordineringa av aktivitetane i kommunen vil bli dårlegare, og vil over tid gjere kommunen mindre attraktiv for tilflyttarar, gje færre møteplassar for innbyggjarane som over tid påverkar folkehelsa.

Ved reduksjon av stilling må ein også sjå på omplassering av ulike ansvar som til dømes bestilling av møterom og liknande.

Oppsummerande tabell

Namn på tiltak i arbeidsgruppa	Utdjuping av tiltak
1. Heim for ein 50-lapp	Kutte ut heile Heim for ein 50-lapp-tiltaket.
2. Flytte ungdomsklubbar	Flytte ungdomsklubbane i Vinje frå private areal til kommunale areal.
3. Stillingsreduksjon i kulturskulen	Ikkje tilsett i vakante stillingar eller redusere stillingar der tilsette ynskjer lågare stillingsprosent.
4. Avslutte tilflyttingstiltak	Avslutte tiltak for auka tilflytting og mindre utflytting til og frå Vinje kommune ved å seie opp Vinjelosen og avslutte Vinje Naturlegvis.
5. Ulike mindre kutt	Halvere innkjøpsbudsjett for bøker på biblioteket frå 80' til 40', seie opp lisensar som tilskotsportalen, Frontline kassasystem og liknande. Avslutte ungdomstiltak på 16. mai.
6. Stillingsreduksjon avdeling for arrangement og aktivitet	Fjerne ein av tre årsverk i avdelinga. Då må dei resterande tilsette dele på dag og kveldstid annankvar veke, og vil med det vere heilt bunde til dagleg drift på Vinjehuset.
7. Stillingsreduksjon Vinje folkebibliotek	Vinje folkebibliotek drifrar filialar i Åmot, Edland og Rauland. Dei tilsette har ansvar for kvar sin filial tysdag og onsdag. Dei andre dagane i veka er dei to på filialen i Åmot. Det er mogleg å kutte stillingsprosent slik at dei ikkje er to på arbeid samstundes.

4. Gevinstrealisering

Tabellen viser oversikt over arbeidsgruppas framlegg til tiltak for å nå målsettinga. Tabellen inneheld namn på tiltak, kvalifisert anslag på mogleg innsparing i 2027 og 2028 (når fullt implementert) og føresetnader for at tiltaket skal kunne realiserast i økonomisk innsparing.

Namn på tiltak	Innsparing (i hele 1000)		Forutsetningar for gevinstrealisering
	2027	Årleg frå og med 2028	Kva skal til for at den økonomiske gevinsten blir realisert
1. Heim for ein 50-lapp	500	500	Avtaler må seiast opp
2. Flytte ungdomsklubbar	0	300	Dei frivillige ungdomsklubbane må vere villige til å flytte, eventuelt villige til å finansiere seg sjølv.
3. Stillingsreduksjon i kulturskulen	245	245	Teater vert avslutta. Stillingsreduksjon og dataspel.
4. Vinjelosen og Vinje Naturlegvis	1190	1190	Avtaler må seiast opp i tide , og oppseiingsprosess må gjennomførast
5. Ulike mindre kutt	210	275	Avtaler må seiast opp.
6. Stillingsreduksjon arrangement og aktivitet	400	850	Gjennomført oppseiingsprosess av ein stilling
7. Stillingsreduksjon Vinje folkebibliotek	210	420	Gjennomført stillingsreduksjon

5. Oppsummering av hele arbeidsgruppen

Beskrivelse	Risiko, konsekvenser og forsvarlighet
1. Heim for ein 50-lapp	Dårlegare kollektivtransport for unge i Vinje kommune. Større risiko for ruskøyring.
2. Flytte ungdomsklubbar	Risiko for dårlegare tilbod i ueigna kommunale areal. Risiko for at ungdomsklubbane ikkje vil, og dimed leggjast ned.
3. Stillingsreduksjon i kulturskulen	Færre elevar i kulturskulen, dårlegare mangfald i innhald og fleire elevar på venteliste. Lågare kapasitet til å bidra inn med førebyggjande arbeid saman med helse og oppvekst.
4. Vinjelosen og Vinje Naturlegvis	Tilflyttingsarbeidet til Vinje kommune stoppar opp. Risiko for at kommunen får færre tilflyttarar og det blir fleire som flyttar ut av kommunen. Konsekvensar av dette er lågare skatteinntekter og færre

	potensielle arbeidstakarar til helse og oppvekst.
5. Ulike mindre kutt	• Rusfritt 16. mai-arrangement: Dette tiltaket har ikkje vore så godt som me skulle ynskje. Utelaget jobbar med alternativ som kan vere vel så gode. • Tilskotsportalen: risiko for at kommunen og lag og organisasjonar i kommunen får lågare grad av ekstern finansiering til sine tiltak • Redusere bokbudsjettet: lågare relevans i boksamlinga. Kan føre til fleire fjernlån som fører til meirkostnader. • DKSS
6. Stillingsreduksjon avdeling for arrangement og aktivitet	• Særs lågare aktivitet og omplassering av ansvar.
7. Stillingsreduksjon Vinje folkebibliotek	• Lågare aktivitet og kvalitet. Lite utvikling

<i>Beløp i 1000 kr</i>	2027	2028	2029	2030
<i>Tiltak</i>	2755	3780	3780	3780

* alle tal er estimat. Full gevinstrealisering må undersøkjast nærare

